

Saksprotokoll i fellesnemnda - 14.02.2019

Leiaren gav slikt svar på spørsmål frå Aud Karin Oen (SV):

I siste del av dialogmøta som representanten viser til, har det vore sett av tid til spørsmål og forventningar til den nye fylkeskommunen blant dei frammøtte. I denne sekvensen har arbeidsutvalet til fellesnemnda presentert seg sjølv, og samla teke sete fremst i møtelokalet.

Som representanten er inne på vart deler av denne sekvensen på det første dialogmøtet i Bergen, nok prega av partimarkeringsar i ulike saker og spørsmål som kom frå salen. Underteikna oppmoda sjølv til at medlemene i FN-AU avgrensa tidsbruken til slike partimarkeringsar, og at den tilmalte tida heller vart nytta til refleksjonar og merknader frå dei frammøtte i salen. Dette vart også følgt opp av prosjektleiaren som er møteleiar under dialogmøta.

Eg har dessverre vore forhindra frå å delta på dei to andre dialogmøta på Voss og i Gulen, men har fått tilbakemeldingar på at dialogen mellom dei frammøtte og medlemene i FN-AU i langt mindre grad har vore prega av partimarkeringsar i enkeltssaker. Dialogen har i stor grad omfatta spørsmål rundt mål og strategiar, samt forventingar om samarbeid og virkemiddelbruk for å møte utfordringar i ulike deler av det nye fylket.

Så langt har dei gjennomførte dialogmøta etter mitt syn vore ein suksess, og bidrige til kunnskap, engasjement og interesse for den nye fylkeskommunen uavhengig av politiske parti. Eg ser derfor ikkje grunnlag for å endre på måten dei to dialogmøta som står att, vert gjennomført på.